

Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsleiing (NDBR)

Rapport 2025 (år 2/3)



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**


Året som var...

... ei oppsummering frå 2025

Året 2025 markerte det andre året i hovudprosjektet til bedriftsnettverket **Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsutvikling (NDBR)**, eit treårig bedriftsnettverk støtta av Innovasjon Norge.

NDBR er eit nettverk for og av reisemål som arbeider under Merkeordninga “Berekraftig Reisemål”, frå Lindesnes i sør til Svalbard i nord. Her **løfter og løyser me dei utfordringane som er større enn kvart enkelt reisemål i fellesskap**, gjennom å bygge nettverk, utvikle felles verktøy og ressursar og samle seg om felles utviklings- og marknadsprosjekt.

I perioden 2025 styrkja me samarbeidet i nettverket ytterlegare, utvikla og vidareutvikla fleire satsingar for felles kompetanseheving og fekk etablert fleire utviklings- og marknadstiltak. Dette kan du lese meir om i denne rapporten.



NRK.NO
40 reiselivsaktører går sammen for å ivareta norsk natur og lokalsamfunn



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Desse deltok...

... ei oversikt over deltakarane i NDBR

NDBR består av totalt **50 reisemål**, som famnar om over **150 kommunar** og **5000 reiselivsbedrifter** gjennom samarbeidsavtalar. Nye reisemål i 2025 var: Telemark, Trondheim, Grimstad, Arendal og Hammerfest.

Nettverket er for reisemål som har **forplikta seg til den nasjonale ordninga «Berekraftig Reisemål»**, då ei felles forplikting til dette lokale styringsverktøyet også skapar ein felles samarbeid- og utviklingsplattform nasjonalt ved at Merkeordninga set krav til mellom anna:

- Eit privat-offentleg samarbeid i utviklingsarbeidet
- Ein dedikasjon til heilskapleg og berekraftig utvikling der reiselivet skal utviklast i eit lokalsamfunnsperspektiv, som ein må dokumentere innanfor alle tre berekraftsdimensjonane.
- At organisasjonen som leiar reisemålsutviklinga har måtte ta eit utviklingsansvar, i tillegg til det tradisjonelle marknadsføringsansvaret.

NDBR arbeider tett saman med Innovasjon Norge Reiseliv/Visit Norway i sine aktivitetar, i tillegg til andre nasjonale og internasjonale miljø som EDIH Oceanopolis, FoU-miljø, fagmiljø, næringshagar, m.m. NDBR har også medlemskap i det internasjonale akrediteringsorganet for berekraftig reiseliv; Global Sustainable Tourism Council (GSTC).



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Kva me leverer...

... frå lokal til nasjonal konkurransekraft.

Nettverk og møteplassar

Å skape arenaer, møteplassar og nettverk som samlar dei beste lokale, nasjonale og internasjonale miljøa knytt til berekraftig reisemålsutvikling.

Felles verktøy og ressursar

Å samle og utvikle felles verktøy og ressursar som styrkjer det lokale og det nasjonale arbeidet med å sikre vekst i reiselivsnæringa, innanfor berekraftige rammer.

Felles utvikling og marknadsplattformer

Etablering av felles plattformer for lokal næringsutvikling, som styrkjer felles marknadsarbeid mot ønskja målgrupper.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Organisering og leiing...

... styringsgruppa og prosjektleiinga

NDBR blir leia av ei **styringsgruppe**, som består av deltakarar som representerer ei breidda av dei ulike reisemåla som er med i nettverket med ulik lokasjon, storleik og samansetting av reiselivet.

Prosjektleiinga ligg til Næringshagen i Ryfylke, som initiativtakar til nettverket, der Anita Svendheim har fungert som prosjektansvarleg. I november 2025 gjekk Anita ut i mammafermisjon, der Erling Løfsnes, frå Visit Lindesnes, har tatt over.

I tillegg starta NDBR hausten 2025 opp eit **LeiarForum**, der leiarane av dei ulike medlemsorganisasjonane blir invitert inn til faste digitale møte to gonger i året for å sikre brei forankring.

Styringsgruppa 2025

Inger Lise Brones, Visit Tromsø

Erling Løfsnes, Visit Lindesnes

Gry Bystøl, Visit Voss

Moa Maria Kero, Visit Svalbard

Knut Aandahl, Akershus reiselivsråd/ Visit Greater Oslo

Katja Pettersen, Visit Alta

Laila Steine, Næringshagen i Ryfylke



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Nokre høgepunkt...

... frå året som var

NDBR, reisemåla og EDIH Oceanopolis gjennomførte ein felles kursserie for reiselivsbedrifter med tema KI og ny teknologi, der totalt 330 var påmeldte.

Omlag 200 personar, inkludert fleire destinasjonsleiingar, deltok på NDBR sin nasjonale, digitale konferanse: VertsKommunen.

Fem nye reisemål meldte seg inn i NDBR: Telemark, Trondheim, Grimstad, Arendal og Hammerfest.

NDBR, reisemåla og EDIH Oceanopolis gjennomførte ein felles kursserie for destinasjonar med tema KI og ny teknologi, der totalt 40 var påmeldte. Kursserien vil bli følgt opp av felles utviklingsaktivitetar.

Totalt 121 organisasjonar har signert KommunikationsLøftet – ein felles dedikasjon til ansvarleg marknadsføring i reiselivet.

Totalt 9 partnarmøte (BerekraftsKaffien) har blitt arrangert innanfor ulike tema.

Gjennom eit breitt samarbeid har NDBR og reisemåla, saman med mellom anna Inku-Beitostølen og Sunnasstiftelsen, utvikla grunnlaget for ein felles utviklings- og marknadsplattform for tilgjengeleg reiseliv (AccessNorway)

Totalt 22 reisemål nyttar BerekraftsAkademiet som felles kurs- og kompetanseplattform for lokalt næringsliv og vertskap – der 8 felles kurs blei lanserte.

Eit nytt LeiarForum blei etablert for auka forankring inn mot medlemsorganisasjonane.

Omlag 40 bedrifter deltok på felles seminarserie for campingnæringa, arrangert av NDBR og reisemåla.

NDBR sitt samarbeid blei styrkja ytterlegare ved å bli tatt opp i det norske klyngeprogrammet, gjennom Norwegian Travel Cluster.

Over 70 personar møttest i Kristiansand under NDBR sin konferansedag, arrangert i saman med Innovasjon Norge Reiseliv og deira årlege nettverkssamling for Merkeordninga.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

BerekraftsKaffien...

... vårt månedlege partnarmøte

BerekraftsKaffien er det **månadlege, faste partnarmøtet** til NDBR, som blir arrangert siste torsdag i månaden kl 10-11 via Teams.

Under kvar samling oppdaterer NDBR og Innovasjon Norge Reiseliv fast på siste nytt, før ein tek opp ein tema som er aktuelt for fleire av reisemåla. Fokuset er her å dele erfaringar og satsingar frå reisemåla, i tillegg til å invitere inn andre relevante miljø.

Kaffien skal fungere som eit nettverksbyggande tiltak, gi reisemåla kunnskap og inspirasjon til relevante satsingar og bidra til auka kontakt på tvers av reisemåla innanfor arbeid som interesser og engasjerer lokalt.

Reisemåla kan sjølv invitere fritt frå sin organisasjon og destinasjonsleiing til samlinga, der det i gjennomsnitt deltek 40-50 deltakarar under kvar samling.

Tema 2025

Januar: Korleis kan reisemåla rigge seg for ei framtid med KI og ny teknologi

Februar: Miljøsertifiseringsarbeid på reisemålet med Miljøfyrtårn

Mars: Klimaspørsmål i reiselivet

April: Auke i campingturisme – moglegheiter og utfordringar

Mai: Karbonutslepp på reisemåla – verktøy og kommunikasjon

September: Lansering av verktøykassa AccessNorway – mot eit meir tilgjengeleg reiseliv

Oktober: Besøksforvaltning – og styring i praksis

November: Berekraft som konkurransekraft

Desember: Miljøsertifiseringsarbeid på reisemålet med Green Key



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Nettverkssamling for Merkeordninga

... vårt årlege fysiske samling.

I mars kvart år arrangerer Innovasjon Norge Reiseliv og NDBR ei **fast fysisk samling** for alle reisemåla som arbeider inn under Merkeordninga. I 2025 blei denne samlinga arrangert i Kristiansand den 18-20. mars.

Under NDBR sin konferansedag blei reisemåla invitert til å dele frå sitt lokale utviklingsarbeid, dei ulike felles satsingane i NDBR blei presentert og ein la opp til ulike workshops innanfor tema som opptek fleire av reisemåla. Samlinga sette kursen for felles arbeid og initiativ gjennom 2025.

Program NDBR sin konferansedag 2025 20. mars

Kl. 09.00: Velkommen og siste nytt fra NDBR: Resultat 2024 og hovedsatsinger for 2025

Kl. 10.00: Hvordan kan reisemålene forberede seg på de kravene som kommer fra Europa rundt bærekraft og miljø?

Kl 10.30: Mot en nasjonal klynge for reiselivet?.

Kl 13.00: KI og ny teknologi: De siste satsingene og erfaringene fra reisemålene

Kl 14:30: Oppsummering av BerekraftsLabs: Presentasjon av mulige veikart

Kl 13.30: BerekraftsLabs – arbeidsgrupper for felles utfordringer og mooglegheiter. Mot felles vegkart?



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Fokus- og dialoggrupper

... der utviklingsarbeidet skjer.

NDBR legg opp til to ulike former for arbeidsgrupper.

Fokusgrupper er faste årlege grupper som reisemåla melder seg på ved inngangen til kvart nye år.

Dialoggrupper er ad-hoc grupper som det blir invitert inn til når ein ser at fleire av reisemåla har interesse av å diskutere aktuelle tema i fellesskap. Dialoggruppene kan vera ei enkelthending, eller kan bli løfta opp til å bli ei fokusgruppe om ein ser at det er grunnlag for vidare arbeid i fellesskap.

I 2025 har aktiviteten i nokre av gruppene blitt redusert grunna avgrensa med kapasitet. Dette arbeidet ønskjer ein difor å styrkje ytterlegare i 2026.

Fokusgrupper 2025

Destinasjonsleiing og besøksforvaltning

Lokalmat og - drikke

Kommunikasjon og marknadsarbeid

Kompetanseheving for næringslivet

KI og ny teknologi

Cruise

Camping – moglegheiter og utfordringar

Verktøy og kunnskapsbank

Tilgjengeleg reiseliv



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Arbeidsverkstad i besøksforvaltning

... nærings og bedriftsperspektivet.

I oktober 2025 blei NDBR invitert inn til **Distriktssenteret sin arbeidsverkstad med tema «besøksforvaltning»**. Her var mellom anna Kommunal- og Distriktsdepartementet, Nærings- og Fiskeridepartementet, Miljødirektoratet, FoU-miljø og andre interesseorganisasjonar inviterte inn.

NDBR stilte her med to reisemål, Visit Øst Norge og Destinasjon Lofoten, og representerte nærings- og bedriftsperspektivet i debatten. Her var målsetninga å løfte fram problemstillingar og praktiske erfaringar som reisemåla møter i det daglege arbeidet med besøksforvaltning, med Merkeordninga som utgangspunkt.

Me ser det er viktig å nytte desse arenaene for å løfte fram destinasjonane og det lokale reiselivet sine perspektiv i diskusjonane og arbeidet - slik at besøksforvaltning handlar like mykje om moglegheiter som problem.

Hovudbodskap frå NDBR inn i arbeidsverkstad

Me må samlast om ein felles definisjon av «besøksforvaltning»- der verdiskaping og næringsperspektivet er tydeleggjort

Me treng ei tydeleg rolleavklaring inn i arbeidet

Me må sikre ei meir koordinert tilnærming på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå

Me treng ei felles nasjonal verktøykasse til arbeidet som famnar både utfordringar og moglegheiter som ligg i besøksforvaltning og reisemålsutviklingsarbeidet - som kan bli tilpassa kvar region



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Vertskommunen

... den nasjonale konferansen for det lokale reiselivet.

Vertskommunen er NDBR sin årlege **digitale konferanse**, som blir LIVE-streama. Målsetninga bak konferansen er å gi reisemåla moglegheit til å invitere inn destinasjonsleiing, næringsliv og andre samarbeidspartnarar der ein tek tempen på utviklinga av dei lokale reiselivet på tvers av landet, til inspirasjon for det lokale arbeidet til kvar enkelt.

I 2025 blei konferansen arrangert 4. november. Det var det over **200 påmeldte til konferansen**, der fleire av reisemåla fulgte LIVE-sendinga med destinasjonsleiinga si samla for å kombinere konferansen med lokale arbeidsverkstadar.



VERTSKOMMUNEN 2025

Den nasjonale konferansen for det lokale reiselivet
Tysdag 4. november kl 08.30–11.00

Panel 1: KRISTIN KROHN DEVOLD (Krohn Devold), INGUNN SØRNES (Sørnes), ARNE-JØRGEN SKURDAL (Skurdal), HELGE KJELLEVOLD (Kjellevold), AUDUN PETTERSEN (Pettersen), LINE RENATE SAMUELSSEN (Samuelsen), ROAR VANGNES (Vangnes), SIGNE JUNGERSTED (Jungersted).

- Status på norsk reiseiv 2025, og kva me kan vente oss i tida framover. **Kristin Krohn Devold** og **Audun Pettersen**
- Reiselivet som samfunnsutviklar - kva skal til? Vi samlar destinasjonane til ein samtale om korleis framtidas reiseliv kan organiserast. **Line Samuelsen** - Lofoten, **Arne-Jørgen Skurdal** - Øst-Norge, **Helge Kjellevold** - Lysefjorden.
- Samspelet mellom kommunens planverk, næringsstrategi og besøksforvaltning i ei berekraftig reisemålsutvikling. **Road Vangnes** og **Ingunn Sørnes**
- Place Making and Marketing Organization- korleis få lokalsamfunn og demokratiet styrkja i reiselivsutviklinga - **Signe Jungersted**

Meld deg på via berekraftsnettverket.no

Stad: Digital
Pris: Gratis



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

BerekraftsAkademiet

... vår felles kurs – og kompetanseplattform.

BerekraftsAkademiet er ein **felles kurs- og kompetanseplattform** for alle reisemåla i NDBR, retta mot alle i ei vertskapsrolle. Her har ein tatt i bruk e-læringssystemet Motimate, som bygger på ein engasjerande og nyskapande måte å ta digitale kurs på.

NDBR utviklar ei rekke felles kurs innanfor tema som er aktuelle for storparten av reisemåla. I tillegg har reisemåla moglegheit til å utvikle sine egne lokale kurs. Vertskapet kan difor ta felles nasjonale og egne lokale kurs inn i same plattform.

I 2025 var det 22 reisemål som tok i bruk løysinga.

Felles kurs leverte i plattformen 2025

Kom i gong - intro til plattformen

Det gode vertskap 1 – gjestemøtet (Høve Støtt)

Det gode vertskap 2 – auka opplevingskvalitet (Høve Støtt)

Det gode vertskap 3 - meirsal og oppsal (Høve Støtt)

Eit reisemål for alle – tilgjengeleg reiseliv (Sunnasstiftelsen)

Norsk reiseliv (Innovasjon Norge)

Merket "Berekraftig Reisemål" (Innovasjon Norge)

Ansvarleg kommunikasjon (Innovasjon Norge)



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

KommunikasjonsLøftet

... ein felles dedikasjon til ansvarleg kommunikasjon og marknadsføring

I juni 2025 lanserte NDBR, reisemåla i nettverket og Innovasjon Norge/Visit Norway i fellesskap KommunikasjonsLøftet, som er ei samling av **9 prinsipp for ansvarleg marknadsføring** som organisasjonar i reiselivet kan dedikere seg til.

KommunikasjonsLøftet bygger på erfaringar og utviklingsarbeid gjort av dei ulike organisasjonane for å kommunisere reiselivet på ein måte som bidreg til auka verdiskaping per gjest og god besøksstyring. Målsetninga bak løftet er at arbeidet vil ha auka styrkje ut mot partnerar ved at ein står samla om felles grunnprinsipp nasjonalt.

KommunikasjonsLøftet kjem med ein verktøykasse, som vil bli vidare utvikla i tida som kjem.

Totalt har 121 organisasjonar signert løftet ved utgangen av november.

Dei 9 prinsippa for ansvarleg marknadsføring i reiselivet

Me skal kommunisere...

- | | |
|---|---|
| 1. ...det som er ekte og særeige med vår natur og kultur | + |
| 2. ...slik at me skapar verdi for gjesten og lokalsamfunnet | + |
| 3. ...på ein måte som stimulerar til å reise heile året og å bli lenger | + |
| 4. ...korleis gjestene skal ferdast ansvarleg og trygt | + |
| 5. ...korleis gjestene kan ta gode miljøval | + |
| 6. ...berekraft truverdig og dokumenterbart, og unngår grønvasking | + |
| 7. ...realistiske forventningar til gjestene våre | + |
| 8. ...at me er mangfaldige, og det er gjestene våre også | + |
| 9. ...tilgjengelegheit, og følgjer prinsippa for universell utforming | + |



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Norwegian Travel Hub

... korleis kan reiselivet rigge seg mot KI framtida?

KI og ny teknologi vil ta over ein større og større del av norsk reiseliv. Allereie i dag ser ein korleis dette i auka grad **pregar verdikjeda til reiselivet**, ved at fleire og fleire gjester hentar inspirasjon, informasjon og bookar sine reiser ved hjelp av ulike KI-agentar. Vidare er reiselivet avhengig av å nytte ny teknologi for å effektivisere prosessar, styrkje kundereisa og skape auka konkurransefortrinn.

På workshop arrangert for reisemåla på Gardermoen i februar 2025 blei det kartlagt at dei dag er **låg grad av digitalisering i reiselivet**, som ein følgje av at næringa i hovudsak består av små bedrifter. Vidare er det krevjande for eitt reisemål åleine å følgje utviklinga, med dei ressursane ein har tilgjengeleg lokalt.

Med bakgrunn i dette samla NDBR seg om eit felles **nasjonalt utviklingsløp saman med EDIH Oceanopolis**, der ein køyrde to parallelle kompetansehevingsløp – eitt for bedrifter der over 330 deltakarar var påmeldte og eitt for destinasjonar der over 40 deltakarar var påmeldte. For destinasjonane vil dette bli følgt opp med felles satsingar: utvikling av felles innsiktsplattform, utvikling av felles produktinformasjonsplattform for å styrkje arbeidet inn mot KI-selskap, felles KI-generert marknadskampanje, felles kompetansehub for reiselivsbedriftene og felles mal for KI-policy.

**Digital Launch: Norwegian Travel Hub –
Lønnsam bruk av AI og ny teknologi for
reiselivsbedrifter**

[Les meir om dei fire modulane i seminarserien her.](#)

**Digital Launch: Norwegian Travel Hub –
Lønnsam bruk av AI og ny teknologi for norske
destinasjonsselskap**

[Les meir om dei fire modulane i seminarserien her.](#)



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

AccessNorway

... mot eit meir tilgjengeleg reiseliv

Norsk reiseliv **tapar milliardar av norske kroner** ved at ein ikkje har satsa på tilgjengelegheit. I tillegg veit ein at 1/5 nordmenn vil få ei midlertidig eller permanent funksjonsnedsetting i løpet av livet, samtidig som at både Noreg og Europa går i møte med ei tid med stadig aldrande befolkning som også vil nyte godt av desse tiltaka.

Som ein konsekvens av dette ser ein at fleire og fleire reisemål arbeider for å styrkje tilgjengelegheita lokalt. Her såg ein eit behov for at den lokale kunnskapen blei nytta til å bygge **felles nasjonal konkurransekraft, som bygger på ein felles standard for utvikling og kommunikasjon.**

Med støtte frå BUFDIR har NDBR, i samarbeid med Inklusiv-Beitostølen, Sunnasstiftelsen og Innovasjon Norge/Visit Norway utvikla ein **felles verktøykasse** for det lokale arbeidet med tilgjengelegheit. Her har **Visit Voss og Visit Sognefjord gått i gong som pilotar**, der erfaringane vil bygge grunnlaget for å ta arbeidet vidare til fleire reisemål.

I tillegg vil AccessNorway-verktøykasse bygge på erfaringar utvikla i AccessTour-prosjektet leia av Nordlandsforskning, med reisemål som Beitostølen, Bø og Loften involverte. På denne måten kan også NDBR fungere som ein plattform for å **løfte opp og fram forskingsbasert arbeid til reiselivet breitt nasjonalt.**

Verktøykasse utvikla i AccessNorway

Accessibility Guide:

Mal for tilgjengelegheitsinformasjon på destinasjonsnivå.

Accessibility Plan – destinations:

Prosessverktøy for destinasjonar – trinn for trinn guide til å koma i gong med tilgjengelegheit.

Accessibility Plan – travel businesses:

Prosessverktøy for reiselivsbedrifter – trinn for trinn guide til å koma i gong med tilgjengelegheit.

Accessibility Label:

Felles symbol for synleggjering av tilgjengelege produkt, med minimumkrav til informasjon i beskrivinga.

Kartleggingsverktøy

Vidareutvikling av kartleggingsverktøy, utvikla i AccessTour.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Campingturisten i Noreg

... frå utfordring til moglegheit

Turistundersøkinga til Innovasjon Norge Reiseliv 2024 viser at **1/5 internasjonale turistar til Noreg er campingturistar**. Dette reflekterast på reisemåla ved at ein ser eit auka press på vegnettnett og i lokalsamfunna, noko som har skapa både større utfordringar – og moglegheiter.

Gjennom fokusgruppa for camping-turisme har NDBR i fellesskap utvikla **fleire felles tiltak retta mot campingturisten og campingnæringa**, der ein ser ei verdi av å arbeide i fellesskap, som mellom anna: felles seminarserie for campingnæringa der omlag 40 bedrifter deltok, felles informasjonskampanje sommaren 2024, felles handbok til korleis reisemåla kan arbeide med å styre, felles innspel til Statens vegvesen/Nasjonal turistveg og styrkje utbyttet av auka camping og utvikling av felles camping-reiseruter.

Fleire tiltak har også blitt gjennomført i samråd med **campingklynga til Norsk turistutvikling, og deira samarbeid med mellom anna NHO Reiseliv, Virke, Statens vegvesen, Innovasjon Norge/Visit Norway, bransjeorganisasjonar, m.m.** Dette er mellom anna arbeid med campingvettreglar og felles campingkonferanse.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Vegen vidare...

... NDBR løfta opp i det nasjonale klyngeprogrammet.

I oktober 2025 blei det annonsert av NDBR sin søknad «**Norwegian Travel Cluster**» blei tatt opp i det nasjonale klyngeprogrammet, som landet si einaste reiselivsklynge. Klyngeprogrammet er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, Forskringsrådet og SIVA.

Dette betyr at samarbeidet i NDBR framover vil bli styrkja ytterlegare ved at ein kan ta i bruk klyngeprogrammet til å:

- Sikre meir tverrfagleg samarbeid
- Styrkje felles utviklings- og marknadsarbeid, der ein vil ha moglegheita til å nå fleire bedrifter gjennom innovasjonsstøtta programmet tilbyr
- Knytte nettverket opp mot dei fremste miljøa nasjonalt og internasjonalt for å styrkje tilbod, kompetanse og ressursar skreddarsydd for reiselivet sine behov.
- Styrkje det lokale reiselivet si stemme nasjonalt og internasjonalt

Arbeidet i klynnga vil bli utvikla i tett samarbeid med alle medlemma i NDBR.



– Dette er eit gjennombrøt for norsk reiseliv. For første gong har næringa samla seg på tvers av landet – i ei klynge som er for og av det lokale reiselivet sjølv. Ved å lære av dei beste satsingane frå heile landet, knyte dei saman og utvikle i fellesskap, kan vi bli først med løysingane for framtidens reiseliv.

Anita Svendheim, klyngeleiar for Norwegian Travel Cluster.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

**«Det me best løyser lokalt,
løyser me lokalt.**

**Det me best kan løyse i fellesskap,
løyser me i fellesskap.»**

Tusen takk til alle medlemma av NDBR som deler av kunnskap, erfaringar og utviklingsprosjekt for å bygge felles nasjonal konkurransekraft!

Har du spørsmål til rapporten? Kontakt oss gjerne på laila@nhryfylke.no eller erling@visitlindesnes.no



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**